



- Kanskje har vi straum, sa kyrkjelydssekretær Oddbjørg Heimark i føremiddag då ho annonserte framtidige arrangement i kyrkja og ho sikta då til den aktuelle situasjon: Straumen var gått allereie like etterat skjærtorsdag-gudstenesta byrja og han vart borte.

Men avviklinga var likevel problemfri, med unntak av at kyrkjetenar Magne Eik ikkje kunne ringja til slutt. Han antok at straumbrotet omfatta heile dalen, men slik var det ikkje. Organisten hadde pianoet å ty til.

Det var godt besøk denne fyrste helgedagen i påska, med 75 til stades. Sogneprest Jan Ove Totland gjorde teneste (biletet).

Neste gudsteneste er avskjedsgudstenesta for sogneprest Kristian Due påskedag ettermiddag klokka 14 med kyrkjekaffi i kyrkja på Valen 2 timer etterpå.

foto: Ola Matti Mathisen